



Bjørgvinn Kyrkjesongforbund - - Bjørgvinn Kirkesangforbund,

BKSF Årsmelding 2015.

Bjørgvinn Kirkesongforbund er eit lokalforbund i Norges Kirkesangforbund, og medlem av Hordaland Musikkråd. Forbundet har som formål å fremja kyrkjesong og gudstenesteliv i Den norske kyrkja. Forbundet organiserer kor som i hovudsak har aktiviteten sin knytt til lokale gudsteneste- og kulturliv i Bjørgvinn bispedømme, og forbundet har som si oppgava å leggja til rette tilbud som kan supplera og verka samlande både for det einskilde kor og for fellesskapet i forbundet.

Tillitsvalde 2015:

Styre og varamedlemmer har slik samansetjing denne valperioden:

Leiar: Gro Anthun, er vald som leiar for 1 år. Vald til styret for 2015.

Nestleiar: Jens Arne Stautland, korsonger Sanctus,Nysæter, Stord. Vald for 2 år (2014/15).

Kasserar: Lenamaria Gravdal, dirigent for Prima Vista i Åsane. Vald for 2015/16.

Skriver: Trygve Møster, korsonger i Vokalensemblat Sotra Reviderte. Vald for 2015/16.

Styremedlem: Eli-Johanne Rønmekleiv (2015).

Styremedlem: Anne Gurine Folgerø Gjøsaeter, organist på Askøy, Erdal kyrkje (2015).

Varamedlemmer:

1. varamedlem: Gerd Inger Eide Yddal , kantor Åsane kirke. Vald for 1 år (2015).
2. varamedlem: Anders Rinde. Vald for 1 år(2015)

Musikkutval:

Nedlagt og tatt ut av vedtekter.

Valnemd:

Anne Karin Stormyr, gjenvalgt for 2015.

Jostein Aarvik, Sandviken Kantori, gjenvalgt for 2015.

Webansvarleg:

Trygve Møster, korsonger i Vokalensemblat Sotra Reviderte, utnevnt av styret.

Revisor:

Helen Leversund, korsanger Bremnes Kantori, attvald for 1 år (2015.)

Medlemskor i 2015:

Bjørgvinn Kyrkjesongforbund hadde pr. 31. desember-2014, 32 medlemskor med rundt 660++ songarar. (Alversund Kammerkor, Arna Kyrkjekor, Arna Kyrkjes Kammerkor, Askøy Kirkekor, Balsam, Bergen Domkor, Birkeland Kantori,



Bremnes Kantori, Bømlo Kyrkjekor, Cantus- Skjold, Cantus-Dale i Fjaler, Con Spirito frå Salhus i Åsane, Fana Kyrkjekor, Førde Kyrkjekor, Hardangerkoret, Jondal Grendakor, Kinn Kyrkjekor, Kyriaké, Kvinnetetten, Moster kyrkjekor, Musica Sacras kor, Lindås/Myking Kantori, Prima Vista, Sanctus Stord, Sangkompaniet, Slettebakken Motettkor, Stolmen Kyrkjekor, Vereide Kyrkjekor, Vokalensemlet Sotra Reviderte, Voss- og Omland Kantori, Ytre Arna Kyrkjekor, Øygardskoret, 1 personleg medlem (Eilert Tøsse) og 1 æresmedlemmer: Ragnar Grøm.) Det er betalt kontingent for 626 medlemmer pr 29.12.2014.

Styret sitt arbeid i 2015:

Det har vore 3 styremøter i 2015 med 29 saker. Møte med konstituering av nytt styre vart halde den 20. mars.

Styret har hatt desse 7 punkta som sitt viktigaste arbeid i 2015:

Punkt 1: Mozart Requiem 2015: Etter at Mozart Requiem 2014 var unnagjort, så gjekk det ut ein ny invitasjon til alle BKSF sine medlemmer om å delta på Mozart Requiem prosjekt 2015. Dette besto av ei korthelgsøving siste laurdag i januar med sluttøving og konsertar helga 6-8 mars. I konsert helga var det øving fredag og laurdag i Foldnes, så konsert i laurdag kveld i Foldnes kyrkje kl 17:00. Søndag var det øving og konsert i Åsane kirke kl 19:00. Solistar, orkester og dirigent var dei same som Mozart 2014. Ca 106 koristar deltok.

Solistar var: Nora Oleanne Sårheim, sporan. Marianne K.Bye Granheim, alt. Arne Kvarven, tenor. Anders Skei, bass.

Orkester var Markus Malmgren, lærar ved Sibeliusakademiet, på orgel.

Dirigent: Gro Anthun.

Dei 2 konsertane hadde godt oppmøte, dvs ca 267 selde billetter totalt for begge konsertane. Me hadde budsjettert med ca 200 publikum. Annonseringa har vore riktig, men lokal marknedsføring kunne vore betre.

Prosjektet har vore svært vellukka. Prosjektet er i ca ballanse, som er veldig bra. Ros til alle som har vore med på dette fantastiske eventyret, spesielt til leiar i BKSF Gro Anthun.

Punkt 2: Vårtreffet 2015. Knarvik kyrkje 6. juni.(Den nye kyrkja).

Alversund kammerkor, med sin dirigent Odd Leif Mjøs hadde sagt ja til å vere vertskor denne dagen! Han dirigerte også fellesnummera.

Program med øvingar, mat, pausar og konsert frå 12:30 – konsert kl 17.



Fellesnummer:

Knut Nystedt: **Han er oppstanden og I will praise thee, o Lord**

John Rutter: **Look at the world**

Trond Kverno: **En bønn er gjemt**

Kor som var med: Alversund kammerkor Cantus Fjaler, Prima Vista, Cantus Skjold, Slettebakken Motettkor, Øygardskoret, Førde kyrkjekor, Sanctus Stord og Askøy Kirkekor. Alle kora var med på fellesnummra. Dei 7 fyrste hadde egne innsalg, åleine eller saman med andre.

Det var eit veldig flott vårtreff, mange glade koristar, og veldig god oppslutning av publikum.

Leiar av vårtreffet: Gro Anthun.

Punkt 3: Planlegging samarbeidsprosjekt med Ung kirkesang: Bjerkrheimjazz

BjerkrheimJazz er musikk komponert og arrangert av Olav Arne Steinkopf, til tekstar av salmediktaren Trygve Bjerkrheim.

BjerkrheimJazz vart framført på Vossajazzen i 2011 med to fulle hus. Medverkande var eit kor på 70 songarar og eit band med m.a Frøydis Grorud. Dirigent var kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf. Ein Jazzkvartett var orkester på Voss, med sax, fløyte, kontrabass, trommer og pianist. Kan også gjerast med kun piano. Også i Oslo og Rogaland er verket framført. Ca 70 sangarar har vore med på dette på kvar konsert.

Dette verket er skriva for vaksenkor, men kan også fungere godt som eit samarbeidsprosjekt mellom born, ungdommar og vaksne. Delar av stoffet har m.a blitt brukt både på Ung kirkesang sin Korsommarskule i Kristiansand, og på Hausttreffet for Ung kirkesang i Møre. Utgangspunktet er å ta vare på Ung kirkesang og Kirkesangforbundet sine ideal, når det gjeld korklang i møte med jazzmusikk.

BjerkrheimJazz er utgjeven på Cantando musikkforlag, både partitur med utskriven pianostemme og med eige korpartitur. I tillegg er det mogleg å få tak i cd med opptak frå konsertane under Vossajazzen. Det er også laga stemme-cd/lydfiler, slik at det skal vere greitt for koristar å øve på eigen hand. Desse ligg på heimesida til BKSF(via kirksang.no)

Trygve Bjerkrheim (1904-2001) er ein internasjonalt kjend diktar som hadde ein formidabel produksjon med over 15000 dikt. Dikt og songar av Trygve Bjerkrheim finst i nær alle song- og salmebøker i Noreg.

Komponist, musikal og kantor(tidl. i Vaksdal) no Indre Arna, Olav Arne Steinkopf, har tonesett og arrangert utvalde tekstar av Bjerkrheim i "jazz-stil" for kor, solistar og band. Musikken er variert og har eit spenn frå latin, swingjazz og funk til rolege vakre jazzballadar. Nokre songar er nykomponert, medan andre er arrangement av tidlegare melodiar. Jazz og «bedehusmusikk» er nok ein uvanleg kombinasjon, men jazzen med sitt rytmiske driv, improvisasjon og vakre harmoniar, kler tekstane til Bjerkrheim på ein framifrå måte.



Øvingshelg hausten 2015

Fredag 6.11 kl. 18.00 – 21.30 Vaksdal kyrkje
Laurdag 7.11 kl. 10.30 – 17.00 Åsane kyrkje.

Ekstra øvingsdagar:

Mandag 1. februar: kl 18.00-21.00 Os (Kyrkjetunet)
Mandag 15. februar: kl 18.00-21.00 Os (Kyrkjetunet)
Fredag 4. mars: kl 18.00-21.00 Vaksdal kyrkje
Lørdag 5. mars: kl 11.00-15.00 Vaksdal kyrkje
Fredag 8. april: kl 18.00-21.00 Vaksdal kyrkje

Konserthelga:

Fredag 15.04 kl. 18 - 21 i Bergen domkirke
Laurdag 16.04 kl. 11 – 16 i Bergen domkirke **Konsert kl. 17**
Søndag 17.04 kl. 14 – 16 i Os kyrkje **Konsert kl. 17**

Konsert arrangemang:

Dirigent: Tone Synnøve Øygard Steinkopf. **Solist:** Ole Strøm **Saksofonist:** Frøydis Grorud.
Gitarist: Magne Tormodsæther. **Trommer:** Sigurd Øygard Steinkopf.
Orkesterleiar: Olav Arne Steinkopf. **Produsent:** Gro Anthun.

God påmelding til prosjektet frå Ung kirkesang og vaksne koristar (frå BKSF og andre kor).

Punkt 4: Haustreff 2015.

Øvingshelga for Bjerkrheimjazz laurdag 7.11 kl. 10.30 – 17.00 i Åsane kyrkje, fungerte også som eit hausttreff for BKSF for dei som hadde meldt seg på jazzen. Der også Ung Kirkesang sine kor og koristar var med.

Seminaret, øvinga kulminerte med ein såkalla hentekonsert. (Dei som skulle henta borna sine var publikum, og me andre song, i einskildkor og felles storkor med sangar frå Bjerkrheimjazzen.) Hentekonserten kom kanskje litt overraskande på enkelte. Men den var veldig fin.

Punkt 5: Planlegging av PROTS i Førde januar 2016.

Per Oddvar Hildre var bestilt lang tid i forvegen pga at han har litt fulle ordrebøker. Det vart bestemt å bruke same invitasjon som ved førre PROTS seminar i Nysæter på Stord. Arrangement er i BKSF sin regi. Gro Anthun har hatt hovudansvaret for dette arrangementet.

Per Arild Skorgen på piano er bestilt. BKSF har innleida samarbeid med Sunnfjord folkehøgskule om øvingslokale for seminaret.

Avslutningskonsert i Førde kyrkje søndag 31.januar 2016, kl 17:00.

Det er ca 70 påmelde koristar.



Jens Arne skal delta ilag med folk frå Sanctus Stord. Han vil assisterte med diverse arrangementsmessig på Seminaret.

Punkt 6: Planlegging av Vårtreff 2016.

Planlegging av tid og stad for vårtreffet 2016. Dato blei 4. juni. Stad var ikkje endeleg bestemt i 2015, men vi landa tilslutt på Øygarden, Hjelme kyrkje. Opplegg og programoppsett vil ca vera det same som etter det vellykka vårtreffet i Knarvik.

Ekstrapunkt 7: Olav Øgaard sin bortgang.

Æresmedlem i NKSF og BKSF Olav Øgaard, døyde i ei tragisk trefellingsulukka i Sædalen (februar 2015), då han skulle rydda skog etter stormen Nina sine herjingar.

BKSF styre deltok i gravferd og minnesamvær. BKSF har også løyvd støtte til Olav Øgaard sitt minnefond. Olav var ein veldig viktig person for BKSF og NKSF sitt arbeid gjennom mange år.

Olav var kantor i Slettebakken menighet, der han hadde jobba i 53 år.(1961 til 2014).

Trygve Møster skrivar/(sekretær)
Sign.